

116 111
ALARMTELEFONEN
for barn og unge

Alarmtelefonen for barn og unge

Serviceboks 417
4605 Kristiansand

Besøk:
Tollbodgata 45 Tinghuset
4605 Kristiansand

Tlf: 116 111
SMS: 41 71 61 11
E-post: alarm@116111.no
Nettsted: www.116111.no

Barnevernvakten i Kristiansand

Tlf: 38 07 54 00
Fax: 38 07 54 03

Konto: 6320 05 41199
Org.nr.: NO 963 296 746

November 2012

HEI!

Alarmtelefonen for barn og unge har vore i drift i tre år. 116 111 er ein viktig nødtelefon for barn og unge som lever med vald, rus og omsorgssvikt. Det er derfor viktig å spreie informasjon om 116 111, slik at alle barn og unge under 18 år får kjennskap til nummeret.

Vedlagd finn du informasjonsmateriell om Alarmtelefonen. I tillegg har vi lagt ved to brosjyrar:

- Kva er det med den jenta? er laga som ein guide for lærarar. Guiden er eit hjelpemiddel i samtalar med barn som har det vanskeleg, og som ein er uroa for.
- Teikneseriane om guten og jenta kan brukast som eit samtaleark i samtale med eitt barn, eller i ein klasse. Teikneseriane blei testa på 5. klassingar ved ein skule i Kristiansand med klassestyrar og sosiallærer til stades. Barna var svært engasjerte, og både vi og lærarane opplevde at vald, rus og omsorgssvikt er noko barn er opptekne av og bryr seg om. Klistremerka med nødnummer blei delte ut på slutten, og barna klistra desse på mobilane sine eller i skuledagboka.

Dersom de ønskjer å trykkje opp materiell, ligg alt tilgjengeleg på heimesida vår, www.116111.no. Det er viktig å trykkje teikneserien i fargar, ettersom fargane er brukte som eit verkemiddel for å få fram skifte i kjenslene hjå guten og jenta. På heimesida finn de òg meir informasjon om kven vi er, og kva vi gjer.

Målsetjinga vår er at barn og unge skal ta kontakt med Alarmtelefonen for å få hjelp dersom dei lever med vald, overgrep og/eller omsorgssvikt.

Takk for at skulen og du som lærar bidreg til at alle barn og unge i kommunen din får den rette og nødvendige hjelpa!

Med venleg helsing

Monica Brunner
Leiar

Sylwia Obuchowicz
Informasjonsansvarleg